

Bustadnamn i Østfold

Av Inge Særheim

Kåre Hoel: Bustadnamn i Østfold 18. Trøgstad. Utg. av Institutt for lingvistiske og nordiske studier, Universitetet i Oslo ved Tom Schmidt. Oslo: Novus forlag 2019. 514 s. 1 laust kart. ISBN: 978-82-7099-923-1.

Kåre Hoel: Bustadnamn i Østfold 19. Eidsberg. Utg. av Institutt for lingvistiske og nordiske studier, Universitetet i Oslo ved Tom Schmidt. Oslo: Novus forlag 2020. 712 s. 1 laust kart. ISBN: 978-82-7099-928-6.

Kåre Hoel: Bustadnamn i Østfold 20. Rakkestad. Utg. av Tom Schmidt. Oslo: Novus forlag 2021. 678 s. 1 laust kart. ISBN: 978-82-7099-932-3.

Namn och bygd 110 (2022), 49–60.

Inge Særheim, Department of Cultural Studies and Languages, University of Stavanger: Settlement names in Østfold.

Abstract

The project *Bustadnamn i Østfold* (BØ) aims to publish settlement names in Østfold County, by municipalities. Vol. 20, Rakkestad Municipality (2021), completes the series. This reaches a milestone in Norwegian and Scandinavian name research. BØ was first planned as a revision of the first volume, *Smaalenenes amt* (i.e. Østfold County), of Oluf Rygh's (ed.) *Norske Gaardnavne* (Norwegian settlement names) 1–19 (1897–1936). However, the project expanded to include a number of names denoting younger habitations. In 1950, name researcher Kåre Hoel at the University of Oslo started compiling information from oral and written sources in Østfold. Between 1955 and 1980, he produced a handwritten manuscript comprising 7,789 pages. This manuscript has now been edited and published by two of Hoel's younger research colleagues, Margit Harsson (vols. 2, 4, 6, 8, 10 and 12) and Tom Schmidt (vols. 1, 3, 5, 7, 9, 11 and 13–20).

Keywords: place names, settlement names, Norway, Østfold, Trøgstad, Eidsberg, Rakkestad.

1. Prosjektet Bustadnamn i Østfold – mål, bakgrunn og gjennomføring

Målet med prosjektet *Bustadnamn i Østfold* (BØ) er å gje ut bustadnamna (bebyggelsesnamna) i Østfold fylke heradsvis; etter den gamle inndelinga var det 22 herad i Østfold. Med bustadnamn meiner ein namn på stader med per-

manent busetjing; i eldre tid gjeld det først og fremst gardar og husmannsplassar, seinare også gardsbruk (gardpartar), og frå ca. 1900 også namn på bustadhus, villaer. Namn på stader med mellombels busetjing, som setrar og fiskebuer, er til vanleg ikkje tekne med. Eit kriterium for utval av namn er at staden er nemnd som buplass i 1900-folketeljinga eller tidlegare, eller at ein ut frå konteksten kan rekna med at staden har vore nytta som buplass i denne perioden.

Det er namneforskarar ved Universitetet i Oslo som har stått for redigeringa og utgjevinga. Med Rakkestad-bandet (2021), som er nr. 20 i serien, er ein milepåle nådd i norsk og nordisk namneforskning. Med dette bandet har nemleg bustadnamna i alle dei tidlegare 22 herada i Østfold kome i bokform. Det store etterlatne manuset til Kåre Hoel (1922–1989) på 7 789 handskrivne A5-sider har blitt gjennomarbeidd og publisert av to av hans yngre kollegaer i forskingsmiljøet ved Universitetet i Oslo, Margit Harsson († 2021) og Tom Schmidt. Første bandet, som omfattar bustadnamna i Hobøl, kom i 1994.

Harsson har stått for redigeringa og utgjevinga av seks band, nemleg band 2 (Skiptvet, 1997, ny revidert utgåve 2013), 4 (Spydeberg, 2001), 6 (Askim, 2005), 8 (Idd, 2008), 10 (Aremark, 2011) og 12 (Rødenes og Rømskog, 2014). Schmidt har teke seg av dei andre 14 banda: 1 (Hobøl, 1994), 3 (Våler, 1999), 5 (Rygge og Moss, 2004), 7 (Tune, 2007), 9 (Varteig, 2007), 11 (Onsøy, 2012), 13 (Hvaler, 2014), 14 (Borge, Glemmen og Fredrikstad, 2015), 15 (Skjeberg, 2016), 16 (Berg, 2017), 17 (Råde, 2018), 18 (Trøgstad, 2019), 19 (Eidsberg, 2020) og 20 (Rakkestad, 2021).

Utgjevinga av BØ må kallast ei suksesshistorie både når det gjeld den faglege kvaliteten og utgjevingstempoet. Forskingsmiljøet ved Universitetet i Oslo, først og fremst dei to utgjevarane, fortener ros for gjennomføringa av prosjektet. Band 1–17 av BØ er melde i tidlegare nummer av NoB, av Gordon Albøge (nr. 83), Göran Hallberg (87, 93, 94, 96, 97, 98), Claes Börje Hagervall (90), Kristina Neumüller (103) og Eva Nyman (105, 106). I denne reviewart. vil det bli gjeve ei kort orientering om prosjektet, og det blir sett nærare på dei tre siste banda (18, 19 og 20).

For å kunna sjå BØ-prosjektet i ein større samanheng, må ein gå attende til Oluf Rygh og utgjevinga av storverket Norske Gaardnavne (NG) 1–19 (1897–1936). Som Hoel nemner (1982 s. 21 ff.), var arbeidet med NG eigentleg eit biprodukt av arbeidet med revisjon av landets matrikkel (frå 1838). Ein ønskte bl.a. å retta dei mange feila i matrikkelen som galdt skrivemåten av norske gardsnamn. Det vart registrert gamle skrivemåtar av namna og samla opplysningar om den ekte bygdeuttalen, bl.a. på ekserserplassar, lærarskular og andre stader der landsfolk frå ulike bygder var samla; ofte skulle nokre få personar dekkja ei heil bygd. På eige initiativ ordna Rygh tilfanget fylkesvis etter matrikkelen, la til kommentarar om tydinga til namna, og gjorde materialet

klart for utgjeving. Det første bandet, Smaalenenes amt (dvs. Østfold fylke), kom i 1897. Oluf Rygh rakk å gje ut tre og eit halvt band før han døydde i 1899. Dei andre banda vart gjevne ut av Karl Rygh (nr. 13, 14, 15, 16, 17), Albert Kjær (4, 6, 7, 9, 12), Hjalmar Falk (5), Amund B. Larsen (8), Magnus Olsen (10, 11, 18) og Just Knud Qvigstad (18).

Fagleg sett er NG eit solid og påliteleg verk, men det finst nokre manglar og feil, bl.a. når det gjeld den nedarva lokale uttalen, dessutan vantar viktige saksopplysningar, bl.a. om topografien, som real bakgrunn for namnetydingane. Det melde seg difor tidleg eit behov for korrigering og supplering av NG. Like etter krigen sende Norsk stadnamnarkiv ein søknad til forskingsrådet (NAVF) om revisjon av NG der det vart understreka at ein ikkje berre ønskte å samla opplysningar om namn på gamle matrikkelgardar, men også å ta med yngre bustadnamn, t.d. bruksnamn og namn på husmannsplassar. Nyare bruks- og villanamn, som oftast er «papirnamn», skulle likevel ikkje takast med. Det vart løyvd pengar til prosjektet, som vart kalla Norske bustadnamn, i første omgang for ein person. Kåre Hoel kom i gang med innsamling frå munnlege og skriftlege kjelder hausten 1950. Han gjekk eller sykla frå gard til gard og samla opplysningar frå heimelsfolk i heile Østfold fylke og noko av Akershus. Med grunnlag i innsamla tilfang (og NG) utarbeidde han i tida 1955–1980 eit grunnmanus for Østfold fylke, ordna heradsvis, dvs. med kvart herad som eit avslutta heile. Namnetilfanget i manuset hans er mangedobla i høve til NG. Hoel tenkte seg at dette kunne gå inn i ein langt meir omfangsrik serie Norske bustadnamn, meir etter mønster av Sveriges ortnamn. Kristin Bakken (1991) understrekar at Hoel arbeidde aleine i heile perioden: «Han hadde ingen redaksjonskomité, formell referansegruppe eller retningslinjer som var fastlagt på forhånd» (Bakken 1991 s. 27). Manuset som Hoel etterlet seg var korkje innskravings- eller trykkeklart, noko også han sjølv understreka. Sett mot dette bakteppet av mangelfull planlegging og leiing er det ikkje mindre grunn til å la seg imponera av det som no har kome ut av BØ-prosjektet.

I innleiingskapittelet skriv dei to utgjevarane at det ved publiseringa av BØ har vore naudsynt med til dels omfattande redigering og supplering av Hoels manuskript, noko det ikkje er vanskeleg å skjønna. Dei meiner likevel at dei endringane som er utførte, er i tråd med det Hoel sjølv ønskte. Namna er (som i NG) presenterte etter matrikkelnummer. Etter gardsnamna følgjer bruksnamna, og til slutt namn på husmannsplassar og andre tidlegare busetnader. For kvart namn er følgjande opplysningar tekne med: (normert) oppslagsform med gards- og ev. bruksnummer, lokal uttale, ev. daglegnamn, eldre skrivemåtar (med opplysningar om årstal, kjelde og gardsstatus) og diverse kommentarar, hovudsakleg om språkleg og real bakgrunn for namnet.

Når det gjeld oppslagsformene, har utgjevarane føreteke ein varsom revisjon av nokre former i Hoels manus, ofte på grunnlag av namneformer på offi-

sielle kart. Namn som er normerte feil på slike kart, er i BØ normerte i samsvar med gjeldande lov og regelverk for offisiell skrivemåte av stadnamn. Hoel skal sjølv ha ønskt ein revisjon av oppslagsformene i manuset sitt.

Opplysningane om lokal uttale og namnebruk byggjer på Hoels registreringar frå 1950-åra; dei er rekna som ein revisjon av uttaleopplysningane i NG. Hoel brukte Norvegia-lydskrift, som i BØ er attgjeven i noko forenkla form. Dei to utgjevarane skriv at ein ideelt sett burde ha nytta fonematisk notasjon, men at det ikkje ville ha vore mogleg «nå i ettertid å hente inn ny uttale på grunnlag av fonemanalyse av målførene i Østfold». Truleg ville dette ha vore mogleg å få til, og ikkje så mykje ekstraarbeid som ein her kan få inntrykk av.

I namneartiklane har utgjevarane teke med eventuelle skriftlege belegg for namna i kronologisk rekkjefølgje og med opplysningar om kjelde. Som regel er alle belegg eldre enn 1700 tekne med. Dei to utgjevarane har supplert Hoels materiale med tidlegare skriftformer frå diverse kjelder, bl.a. frå frigjevne folketeljingar i 1891, 1900 og 1910, der det har dukka opp namn på husmannsplassar og buplassar som ikkje var med i kjeldene som Hoel hadde nytta. Utgjevarane har også gått gjennom andre skriftlege kjelder. Hoel hadde elles sjølv kontrollert og supplert listene i NG over eldre namnebelegg.

I kvart band er det også ein del II med nyttige oversyn og register. I tillegg til stadnamnregister, eitt for namn i vedkomande herad og eitt for namn utanfor dette heradet, er det ordregister og register over person- og tilnamn. Det er oversyn over «topografiske ord», litteratur, kjelder til namnebelegg, forkortingar og lydskrifta. Det kan diskutast kor heldig termen «topografiske ord» er, for her er det også lista opp andre typar ord som står som etterledd eller er brukte i usamansette namn, t.d. ord som *grind*, *hytte*, *stue* og *prestegård*.

2. BØ 18 (Trøgstad, 2019), 19 (Eidsberg, 2020) og 20 (Rakkestad, 2021)

Både talet på namn som er omtala og sidetalet er mangedobla i BØ jamført med NG. Det kan nemnast at Trøgstad-bandet (BØ 18) på 514 sider behandlar 1 140 namneoppslag, medan Trøgstad-kapittelet på 22 sider i NG 1 omhandlar 343 namn. Eidsberg-bandet (BØ 19), som er på heile 712 sider, omhandlar ca. 2 100 namneoppslag, medan Eidsberg-kapittelet på 33 sider i NG 1 inneheld omtale av 348 namn. Rakkestad-bandet (BØ 20) på 678 sider omhandlar vel 1 750 namn, medan Rakkestad-kapittelet på 37 sider i NG 1 har omtale av 407 gards- og bruksnamn.

Under kommentarane til namna er det gjeve ei språkleg og namnesemantisk forklaring der det er gjort greie for mogleg bakgrunn for namngjevinga. Oluf

Rygghs forklaringar er attgjevne slik dei står i NG, skrivne i petit for å skilja dei frå resten av teksten. Deretter følgjer til vanleg Hoels kommentar «noe omarbeidet i samsvar med hans ønsker» (BØ 20 s. 17), og deretter eventuelle kommentarar frå utgjevaren markert med ein vertikal strek, l, før og etter. Men ofte er utgjevarens kommentar plassert mellom to av Hoels avsnitt eller før namneforklaringa hans. I nokre høve fungerer denne plasseringa av synspunkta til dei tre meiningsføre partane godt, nærast som ein samanhengande diskusjon mellom to eller tre samtalepartnarar. Men for å skjøna kven som meiner kva, skal ein halda tunga beint i munnen når ein les kommentarane til Hoel og utgjevaren. Det kan lett gå i surr dersom ein les raskt og ikkje er oppmerksam nok. Ein må stundom leita i teksten etter dei loddrette strekane, noko som tek tid og lett kan skapa forvirring. Ei tydelegare typografisk markering av kva som er Hoels og utgjevarens kommentarar og meiningar, ville ha gjort det enklare for lesaren.

Rekkjefølgja mellom attgjevinga av synspunkta til Hoel og utgjevaren (Schmidt) kan variera noko frå art. til art.; det er ikkje alltid 1 Rygh, 2 Hoel og 3 utgjevaren. For *staðir*-namnet *Gapastad* frå Trøgstad (BØ 18 s. 322 f.) blir først Ryghs tolking i NG 1 av føreleddet som tilnamnet gno. *gapi* m. referert. Deretter kjem eit avsnitt der Schmidt skriv at Hoel støttar Ryghs forklaring, men at utgjevaren (dvs. Schmidt) føreslår ei alternativ topografisk tolking til gno. *gap* n. 'svelg, opning', med tilvising til likelydande namn i Rakkestad og Varteig. I det neste avsnittet er det Hoel som kjem til orde med underbygging av tilnamnalternativet. I det siste avsnittet grunngjev Schmidt på overtydande måte ut frå naturformasjonar på staden den topografiske forklaringa for namnet frå Trøgstad, med parallell i det likelydande namnet frå Varteig.

BØ er eit oppslagsverk, ein katalog. Her er det samla ei imponerende stoffmengd, eit vell av opplysningar og namneformer. Med ei slik mengd av informasjon og synspunkt kunne ein som lesar lett ha gått seg vill, men stoffet er ordna på ein oversiktleg, systematisk og pedagogisk måte, med same malen og disposisjonen for dei einskilte banda og artiklane. Det er faktisk lett å ta seg fram i det samla tilfanget av opplysningar; teksten er stram og velskriven, relativt luftig og ikkje spesielt tung å lesa. Ein kan faktisk lesa boksidene ganske raskt. Lesaren kjenner strukturen frå andre artiklar og andre band i serien. Det imponerende redigerings- og utgjevingstempoet som er halde i denne serien, kan ikkje seiast å ha gått ut over den faglege kvaliteten eller den pedagogiske framstillingsmåten. Skrifttype og skriftstorleik er høveleg. Det er lese grundig korrektur, for det finst nesten ikkje korrekturfeil i bøkene; skrivemåten «terrenformasjon» for *terrengformasjon* noko nede på s. 55 i BØ 18 er i så måte eit svært sjeldan unntak.

Drøftinga av opphavet til dei einskilte namna er mønstergyldig – balansert, fagleg solid og stort sett overtydande. For å underbyggja tolkingane er det ofte

vist til parallellar frå andre herad i Østfold eller frå andre fylke i Noreg, i nokre høve også frå svensk og dansk språk- og namnetilfang. Namnet *Mosalogga* (BØ 20 s. 68, 356) er t.d. av Hoel etter solid grunngjeving tolka som ‘mosekanten, myrkanten’. Det er vist til tilsvarende bruk av ordet *lagg* i svenske dialekter, og til parallelle namn i Sverige, t.d. *Mosselaggen*. Utgjevaren nemner fleire parallellar. Arbeidet viser god kjennskap til nordisk språk- og namneforskning. Ved utgjevinga av BØ har Harsson og Schmidt skaffa seg verdfull redaktør-røynsle og spesielt god kjennskap til stadnamn frå Østfold; dette materialet kjenner dei ut og inn.

Nokre namneartiklar er lange og går over fleire sider, t.d. omtalen av *Eidsberg* (BØ 19 s. 19 ff.), *Elgetun* (BØ 19 s. 31 ff.) og *Kviller* (BØ 19 s. 506 ff.). Mange namnetolkingar er uvisse. Det gjeld bl.a. fleire gamle gardsnamn av *vin-*, *heim-* og *stad-*typen. Men det gjeld også fleire yngre namnelagingar. I nokre høve synest det språklege grunnlaget gjennomsluttig, men det er heilt uvisst kva som er real bakgrunn. Det gamle gardsnamnet *Søpler* (*j Søplom* ca. 1400) frå Trøgstad, som også førekjem i bl.a. Eidsberg, har truleg samband med ordet *søppel* n. og f., skyldt verbet *søpla* ‘feia opp støv’ m.m., men den reale bakgrunnen for namnet er heilt uviss, ifølgje utgjevaren (BØ 18 s. 285). Føreleddet i fleire *rud-*namn er også uvisst, t.d. i *Fykerud* frå Eidsberg, skrive *j Frøykini rudi* ca. 1400. Etter ei omfattande drøfting, først Rygh, deretter utgjevaren, så Hoel, så utgjevaren, så Hoel og til slutt utgjevaren, blir konklusjonen: «Videre spekulasjoner synes nytteløse» (BØ 19 s. 283 f.).

Ofte er det nemnt fleire tolkingsalternativ; namneartiklane er i slike høve ein diskusjon av fleire moglege forklaringar. I drøftinga av fleire *staðir*-namn er det i tillegg til den tradisjonelle tolkinga i NG av føreleddet som eit personnamn eller persontilnamn nemnt ei mogleg forklaring ut frå naturtilhøve, jf. omtalen av *Gapastad* ovanfor. Dette gjeld også det frekvente *Bjørnestad*, som ein finn både i Trøgstad, Eidsberg og Rakkestad (BØ 18 s. 319 f., 19 s. 208 f., 20 s. 163 ff.), der Rygh har rekna med samansetjing med mannsnamnet gno. *Bjørn* eller *Bjarni*. Utgjevaren peikar – med rette – på at samansetjing med dyrenemnet gno. *bjørn* m. ‘bjørn’ også er mogleg og konkluderer: «Den rimeligste forklaringen av forleddet i gårdsnavnet er dyrenemnet norrønt *bjørn* m. eller ett av mannsnavnene *Bjørn* eller *Bjarni*» (BØ 20 s. 165). Truleg kunne han ha teke steget fullt ut og sagt at dyrenemnet er rimelegast. Gardsnamnet *Bjørn(e)stad*, som førekjem nesten 50 stader i Noreg, finn ein ofte i typiske bjørneområde. Det synest elles ikkje rimeleg at dei to mannsnamna skal førekoma i så mange *staðir*-namn. Dei andre mest frekvente mannsnamna som finst som føreledd i *staðir*-namn, har færre enn 20 representantar. Også i gardsnamnet *Bjørneby* (Rakkestad; *j Biarnabø* ca. 1400; BØ 20 s. 259) og det yngre *rud-*namnet *Bjørnerud* (Eidsberg, BØ 19 s. 28) reknar utgjevaren med at føreleddet like gjerne

kan vera dyrenemnet som personnamnet; i *Bjørndalen* (Rakkestad, BØ 20 s. 200) er dyrenemnet halde som føreledd.

Ofte er det som venta vist til reale tilhøve, gjerne topografien på staden, for å grunngje ei namnetolking. Utgjevaren har gjort studium i marka for å kunna slutta seg til eller avvise ei tolking. NG reknar med at gardsnamnet *Skårer* (*j Skorom* ca. 1400) i Eidsberg er fleirtal gno. *Skorar* av gno. *skor* f. i tydinga 'kløft', med bakgrunn i ei bekkekløft ved garden. Utgjevaren peikar på at det her også er eit markant innsnitt nordaustover i terrenget, noko som kan forklara fleirtalsforma (BØ 19 s. 326 f.). I plassnamnet *Smedby* (Eidsberg), som er rekna som eit relativt ungt namn på *-by*, er føreleddet tolka som yrkesnemnet *smed* m. 'handverkar i metallarbeid'. Utgjevaren opplyser at den første husmannen, ifølgje bygdeboka, var smed (19 s. 187).

Der fleire alternative tolkingar er diskuterte, har utgjevaren ofte teke stilling til kva for ei forklaring som synest vera rimelegast. For namnet *Steinsrud* (Trøgstad) står valet mellom mannsnamnet *Stein* og appellativet *stein* m. Utgjevaren vil ikkje utelukka mannsnamnet, men meiner at ei appellativ forståing av føreleddet «er vel så sannsynlig», noko han argumenterer godt for (BØ 18 s. 65 f.). I nokre høve kunne ein likevel ha ønskt at utgjevaren hadde teke tydelegare stilling eller gjeve meir utfyllande kommentar. Gardsnamnet *Jerberg* (Rakkestad) er i NG tolka som gno. **Hjalparberg*, der føreleddet er oppfatta som genitiv av gno. *hjōlp* f. 'hjelp'. Rygh viser til det liknande *Hjelpstein* frå Vestre Toten og peikar på at det til grunn for slike namn kan ligga ei førestilling om at det i berget og steinen har budd velsinna underjordiske som deira menneskelege naboar venta hjelp av (NG 1 s. 98). Utgjevaren sluttar seg til den språklege forklaringa av *Jerberg*, men kommenterer ikkje Ryghs forklaring og gjev ikkje noka real forklaring på namnet (BØ 20 s. 100 f.). Også i andre namneartiklar kunne det vore ønskjeleg at utgjevaren tok tydelegare stilling til tolkingsalternativa, t.d. ved diskusjonen av namn som *Halltorp* (BØ 18 s. 209), *Øyestad* (BØ 18 s. 79 ff.), *Fis* (BØ 19 s. 38 f.), *Rådalen* (BØ 19 s. 124 f.) og *Rakkestad* (BØ 20 s. 19 ff.).

I materialet er det mange døme på oppkalling, noko som lett kan vera ei feilkjelde ved namnetolking; namnet er i slike høve henta frå ein annan stad. Nokre yngre buplassar er oppkalla etter eldre gardar med gamle gardsnamn, noko som bl.a. kan ha bakgrunn i at busitjaren har kome frå den garden som har lånt ut namnet, men også i at slike namn har gjeve høgare status enn nyare namn, altså som ei slags sosial oppdrift. Frå Trøgstad kan nemnast døme som *Trandum* (BØ 18 s. 276; visstnok etter *Trondheim*), *Fossum* (BØ 18 s. 279), *Åsum* (BØ 18 s. 267), *Dæli* (BØ 18 s. 272), *Fjellstad* (BØ 18 s. 262) og *Huseby* (BØ 18 s. 284). I Eidsberg finn ein *Smedstad* (BØ 19 s. 250), *Tønsberg* (BØ 19 s. 113), *Kaupang* (BØ 19 s. 154) og *Nordkapp* (BØ 19 s. 104), og i Rakkestad *Grini* (BØ 20 s. 31).

Det finst også mange døme på at bustader er oppkalla etter kjende stader i utlandet. Eit døme frå Trøgstad er *Jeriko* (BØ 18 s. 280), i Eidsberg finn ein *Sululand* (BØ 19 s. 119), *Kongo* (BØ 19 s. 125), *Muskau* (Moskva; BØ 19 s. 164), *Pettersborg* (St. Petersburg; BØ 19 s. 165, 227; finst også i Rakkestad: BØ 20 s. 32), *Spaniland* (BØ 19 s. 458), og i Rakkestad *Sverige* (BØ 20 s. 142), *Stobbel* (BØ 20 s. 214, etter *Sebastopol* på Krim) og *Asterdam* (*Amsterdam*; BØ 20 s. 220).

Fleire stader i Tyskland er oppkalla i bustadnamn frå Østfold. I Eidsberg finn ein *Gatebusk*, med namn etter *Gadebusch* i Nord-Tyskland, kjend frå eit slag mellom svenskar og danskar i 1712 (BØ 19 s. 382). I Trøgstad og to stader i Rakkestad har bustader fått namnet *Lybekk*, gjerne nytta om stader ved ein bekk (BØ 18 s. 152). Også *Vittenberg* ligg føre i Trøgstad (BØ 18 s. 103); det førekjem også i Spydeberg (BØ 4 s. 77) og to stader i Akershus (NG 2 s. 152, 277). I omtalen av namnet frå Trøgstad peikar Schmidt (BØ 18 s. 103) på at eit berg med kvite flekkar eller årer kan ha inspirert namngjevarane, men at namnet formelt sett er laga ved assosiasjon til det kjende tyske bynamnet. At kyrkjereformatoren Martin Luther virka i denne tyske byen, kan kanskje også ha spela inn; det var som kjent i Wittenberg, på norddøra i slottskyrkja, at Luther slo opp dei 95 tesane mot pavekyrkja. Østfold kan vel seiast å vera ein del av det norske bibelbeltet. Lekhovdingen Hans Nielsen Hauge (1771–1824), som starta den største folkelege, religiøse og sosiale reisinga i norsk historie, haugianarrørsla, kom som kjent frå Tune i Østfold.

Nokre namn som førekjem fleire stader i landet, kan kallast motenamn. Eit døme frå Rakkestad er *Elverhøy*, av Hoel omtala som nyare, poetisk oppkallingsnamn, valt pga. leie ved elva (BØ 20 s. 30). Utgjevaren legg til at dette er eit romantisk motenamn, inspirert av J.L. Heibergs skodespel *Elverhøj* frå 1828. Namnet tyder eigentleg ‘ein haug der det bur alvar’, så det er mistydd av namngjevarane, for dei har tolka det som ‘elvehaugen’. Eit anna namn som førekjem fleire stader og truleg har litterært førebilete, er *Rosenlund*, av Hoel omtala som oppkallingsnamn av framandt opphav (BØ 20 s. 395); komposisjonsmåten tyder på tysk inspirasjon. Eit anna innlånt motenamn som førekjem fleire stader i Østfold, bl.a. i Trøgstad og Eidsberg, er *Sorgenfri*. Førebiletet skal vera det tyske *Sorgenfrei*, jf. også det franske *Sanssouci* (BØ 18 s. 313, 19 s. 228).

Ein annan namnetype som er utbreidd i bustadnamn frå Østfold og i lågareliggjande område på Austlandet, men som er så godt som fråverande over store delar av Noreg, er såkalla imperativnamn, dvs. namn som inneheld imperativforma av eit verb og ofte eit adverb (NG Indl. s. 19 f.). Eit døme som førekjem fleire stader i Østfold, er *Bilitt* (BØ 6 s. 97 f., 18 s. 71), laga til verbet *bia* vb. ‘venta’ og adverbet *litt*, med tydinga ‘vent litt’. Schmidt (BØ 18 s. 71) peikar på at det var gammalt skysskifte ved Bilitt i Trøgstad, og understrekar at nam-

net til vanleg er nytta om vertshus, skysstasjonar og landhandlar som har lege sentralt til, gjerne ved eit vegkryss. Harsson (BØ 6 s. 97 f.) nemner at namnet *Bilitt* (*Bilidt*) er registrert heile 19 stader i Danmark, fleire av dei knytte til vertshus, og at same namnet er nytta fleire stader i Skåne i former som *Bida-lite*, *Bialitt* og *Bialitta*, ofte nytta om vertshus og kroer.

Av imperativnamn frå Eidsberg omtalar Schmidt *Trykkopp*, *Bilett* ('bi litt'), *Grøpopp* (uvisst bakgrunn; jf. *grøypa* vb. 'grovmala korn'), *Skrapopp*, *Tittut*, *Krypopp*, *Harkopp*, *Brennopp*, *Flyginn*, *Puttinn*, *Feiopp*, *Pissut*, *Passpå* og *Holtopp*. Dei mange døma tyder på stor fantasirikdom, fleire av dei med ein humoristisk snert. For namnet *Tassibakke* (BØ 19 s. 77), som også førekjem i Hobøl, stiller Schmidt spørsmål om dette kan vera eit kombinert imperativ- og preposisjonsnamn, *Tass-i-bakke*, samansett med ordet *tassa* vb. 'gå smått og langsamt', med bakgrunn i at det er bratte bakkar på stadene.

Døme på imperativnamn frå Rakkestad er *Rivopp*, *Stigopp*, *Tørkopp*, *Tittut*, *Finnpå*, *Stertopp* (jf. *sterta* vb. 'slita, streva'), *Blåsopp*, *Tullopp* og *Trengtil*. I Trøgstad finn ein elles *Stuput*, som også førekjem i Skiptvet. Bakgrunn for dette namnet kan, ifølgje Schmidt, anten vera leie på toppen av ein bratt bakke, eller ei skjenkestove (eit vertshus) der ein stupte ut etter å ha blitt traktert. Det er i nokre høve vanskeleg å skjøna kva som er real bakgrunn for slike lagingar. Fleire av imperativlaginingane kan kallast særskilte kreative og spøkefulle.

Nokre namn på buplassar, særleg namn på husmannsplassar, vitnar om vanskelege livsvilkår. Frå dei tre herada kan nemnast *Allergodt* ('aldri noko godt'), *Armoda*, *Hungerholt*, *Svelta*, *Jammeren*, *Jammerdal*, *Brødløs*, *Nøda*, *Pina* og *Bankerott*. Fleire av desse namna førekjem også i andre Østfold-herad. I nokre høve er det tale om namnelagingar som blir oppfatta som sterkt nedsetjande og i nokre høve obskøne, vel laga av folk frå meir velståande grannegardar, jf. *Kjerringhølet*, *Rasshølet*, *Helvetet*, *Tverrfu*, *Ræva*, *Smykkfitt*, *Tofitt* og *Rottehølet*.

Også i nokre av dei nedsetjande namna ligg det innslag av kreativitet og humor, noko som også kan seiast om nokre namn som på overflata har eit meir positivt innhald. Ein husmannsplass som heiter *Slottet*, har gjerne fått eit spøkefullt og ironisk namn som folk i bygdelaget har leidd av, for hytta med skropeleg utsjånad har vore alt anna enn eit slott. Ifølgje Hoel (BØ 19 s. 106) kan også plassnamnet *Tempelet* reknast som eit humoristisk namn, som *Slottet*. Andre døme på namn med religiøse assosiasjonar og eit positivt innhald (i alle høve på overflata) er *Gudsriket* og *Himmeriket*. Eit rosande namn er elles *Fuglesangen*, som førekjem som bustadnamn fleire stader. Det er rekna som eit lån frå det tyske *Vogelsang* (BØ 20 s. 191).

Mykje kulturhistorie kan lesast ut av bustadnamna frå Østfold. Særleg plassnamna gjev mykje informasjon om tidlegare verksemd på plassen og om plassmenn som handverkarar. Frå Trøgstad kan nemnast døme som *Tyrihjellen*

(tjørebrenning) og *Kopperud* (koppemakar). I Eidsberg finn ein *Bekkhuss* (hus til bekkoking), *Brenneriet* (spritproduksjon), *Glassmesterhytta*, *Skreddarhytta*, *Kuskerud*, *Buttelhølet* (ulovleg brennevinssal), *Oretapp* (ølsal), *Kammerud* (kammakar), *Kolabonnen* (kolbrenning), *Mjølmarhytta* (møllar), *Dreierud* (dreiar), *Skinnerbogen* (skinnfellmakar), *Svarverrud* (koppemakar) og *Piperud* (musikar). Frå Rakkestad kan leggjast til *Flåarhytta*, *Murmesterhytta*, *Ringarhytta* (ringing med kyrkjeklokker), *Stamparhytta*, *Urmakerhytta*, *Laggaren* (bøkker), *Piparen* (musikant), *Sutaren* (skomakar) og *Salmakeren*.

Også mykje språk- og namnehistorie kan lesast ut av bustadnamna frå Østfold. Ikkje minst er dette tilfanget rikt når det gjeld døme på lydhistorisk utvikling, men her er også viktig materiale til gransking av morfologiske tilhøve og ordhistorie. Oversynet over topografiske appellativ i del II er i så måte særst nyttig. Som understreka av Haslum (2021) er det presenterte namnematerialet også ei viktig kjelde når det gjeld studium av naturnamn, både i og utanfor Østfold.

Mange personnamn er representerte i bustadnamna, særleg tilfanget av moglege tilnamn er stort og variert – og i nokre høve overraskande. I namnet *Stekesett* (Rakkestad) diskuterer Schmidt t.d. eit mogleg nedsetjande tilnamn **Stikk-i-sekk*, brukt om ein tjuvaktig person (BØ 20 s. 111). Også i *Gjesperud* er det rekna med eit tilnamn (BØ 20 s. 385), medan Hoel for *Skrika* stiller spørsmål om namnet har bakgrunn i at det på denne plassen budde ein særst tunghøyrd person (BØ 20 s. 421).

I BØ er det grundig drøfting av gardsnamn som høyrer til dei store namneklassane, som namn på *-vin*, *-heimr*, *-land*, *-staðir*, *-setr*, *-þveit*, *-þorp* mfl. Særleg tilfanget av *rud*-namn er stort. Elles er BØ ei særst nyttig kjelde ved studium av plassnamn – namn på husmannsplassar. Dei to viktigaste nemna i denne namnegruppa er *plass* og *hytte*, det førstnemnde gjerne nytta om plass med tiliggjande jord for ein husmann, det sistnemnde om plass utan jord. Namna som har ordet *plass* som etterledd, har oftast namnet på hovudbølet som føreledd; dei er ikkje registrerte med uttale, og har neppe vore mykje brukte i daglegtalet. Namn med ordet *hytte* som etterledd har bl.a. personnamn, persontilnamn, yrkesnemningar eller eit anna stadnamn som føreledd.

3. Sluttord

Magnus Olsen skriv i *Ættegård og helligdom* at gardsnamna er «herskerklassen blant stedsnavnene. De tvinger de andre i kne» (Olsen 1926 s. 15). Med det siktar han bl.a. til at mange naturlokalitetar har fått namn etter næraste gard, og har vedkomande gardsnamn som føreledd i namnet. Han legg til at

gardsnamna har blitt som eit slags symbol for «de tusener av småriker som våre bygdelag er opdelt i» (op. cit. s. 14). Jakob Sverdrup har omtala gardsnamna som «de norske adelsnavn» (Sverdrup 1925 s. 113). Utgjevinga av NG var eit storverk. Det har lagt eit viktig grunnlag for vidare forskning innom fleire fagområde, bl.a. språkhistorie, busetnadshistorie og religionshistorie (t.d. gransking av førkristen kult).

Også utgjevinga av BØ 1–20 må kallast eit storverk. Her finn ein revisjon av opplysningar og tolkingar i NG 1, bl.a. ny vurdering av gardsnamn som høyrer til dei store namneklassane, og t.d. av bustadnamn som er sette i samband med førkristen kult. I tillegg er det her lagt fram og vurdert eit stort tilfang av yngre bustadnamn som ikkje er tekne med i NG 1, bl.a. mange namn på husmannsplassar. BØ 1–20 gjev eit noko anna inntrykk – eit meir samansett og komplett bilete – av norsk bustadnamnhistorie enn NG 1. I BØ er det ikkje berre drøfting av gamle «adelsnavn», men også av namna til det jamne laget av folk og til småfolk. Materialet i BØ er slik sett langt meir variert, bl.a. med opplysningar om daglege arbeidsoppgåver, med mykje slit og strev og tronge kår, men også med mykje humor, ironi og distanse. Dei to utgjevarane, Margit Harsson og Tom Schmidt, har med BØ 1–20 levert eit imponerende forskings- og redigeringsarbeid; dei fortener stor takk og ros for å ha lagt fram dette materialet for oss.

Litteratur

- Bakken, Kristin, 1991: Norske bustadnavn – Østfold fylke. I: Den 6. nasjonale konferansen i namnegransking, Blindern 23. november 1990. Innleiingar og diskusjon. Red. Botolv Helleland & Anne Svanevik. Oslo. S. 27–36.
- Haslum, Vidar, 2020/2021: Bustadnavn i Østfold – terrengnavn utenfor Østfold. I: Nytt om namn 71/72. S. 44–47.
- Hoel, Kåre, 1982: Prosjektet «Norske bustadnavn». Bakgrunn, arbeidsmåte og mål. Nasjonal konferanse i namnegransking. Foredrag og diskusjon frå ein konferanse på Blindern 23. oktober 1981. Oslo. S. 21–29.
- Olsen, Magnus, 1926: Ættegård og helligdom. Norske stedsnavn sosialt og religionshistorisk belyst. Oslo–Leipzig–Paris–London–Cambridge, Mass.
- Sverdrup, Jakob, 1925: Våre innsjønavn. I: MM. S. 113–131.

Summary

Settlement names in Østfold

By Inge Særheim

The project *Bustadnavn i Østfold* (BØ), i.e. settlement names in Østfold, aims to publish settlement names in Østfold County by municipalities. Vol. 20, Rakkestad Municipality (2021), completes the series. This reaches a milestone in Norwegian and Scandinavian name research. BØ was first planned as a revision of the first volume, *Smaalenenes amt* (i.e. Østfold County), of Oluf Rygh's (ed.) *Norske Gaardnavne* (Norwegian settlement names) 1–19 (1897–1936), however the project expanded to include a number of names denoting younger habitations. In 1950, name researcher Kåre Hoel at the University of Oslo started compiling information from oral and written sources in Østfold. Between 1955 and 1980, he produced a handwritten manuscript comprising 7,789 pages. This manuscript has now been edited and published by two of Hoel's younger research colleagues, Margit Harsson (vols. 2, 4, 6, 8, 10 and 12) and Tom Schmidt (vols. 1, 3, 5, 7, 9, 11 and 13–20).

BØ 1–20 (1994–2021) is a reference work, a catalogue containing information about inherited local pronunciation and older spellings of the names, as well as about the topography and the location of the settlements. The origin of the names is often discussed with reference to parallel names and naming in Østfold or other places in Scandinavia. In most cases, the suggested explanations seem reasonable. BØ includes many relatively young settlement names, thus creating another impression of the corpus beyond the material presented and discussed in NG 1 (*Norske Gaardnavne* 1). Some habitations are named after other places in Norway or abroad, e.g., *Muskau* (Moscow) and *Vittenberg* (Wittenberg). Several 'imperative names' are included, such as *Bilitt* ('wait a little') and *Brennopp* ('burn up'). Some names have negative associations: *Helvetet* ('hell'), *Rasshølet* ('arsehole'), *Bankerott* ('bankrupt') and *Jammerdal* ('vale of woe'). In some cases, names such as *Slottet* ('the castle') are probably meant ironically. The two editors deserve praise for carrying out and finishing this important research and publishing project.